



► Vedlegg 2 Innkomne merknadar (komplett)

Planutkast til *Kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2022-2032* vart sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 10.12.2021 – 21.01.2022.

Det kom inn høyringsfråsegn frå:

- Norges vassdrag- og energidirektorat
- Direktorat for mineralforvaltning
- Vestland fylkeskommune

Modalen kommune
Postboks 44
5729 MODALEN

Vår dato: 21.01.2022
Vår ref.: 202014607-4
Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Toralf Otnes
22 95 95 27/toot@nve.no

NVE si fråsegn til offentleg ettersyn av kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2022-2030 - Modalen kommune

Vi viser til brev frå Norconsult datert 10.12.2021. Saka gjeld offentleg ettersyn av kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2022 – 2030.

NVE har ingen merknader til planframlegget.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:
Modalen kommune

Kopimottakarliste:



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Modalen kommune
Postboks 44
5729 MODALEN

Dato: 17.01.2022
Vår ref: 20/03752-4
Deres ref:

Fråsegn til høyring av kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø i Modalen kommune 2022–2032

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 10. desember 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om saka

Modalen kommune har rullert kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø. I samsvar med plan- og bygningslova § 5-2 vert planutkastet sendt på høyring og lagt ut på offentleg ettersyn.

Føremålet med planen er å sikra at alle i Modalen kommune til ei kvar tid skal ha tilgang til nok og godt drikkevatt. Transport og reinsing av avlaupsvatt skal vere i samsvar med regelverk og NS-standard.

Fråsegn frå DMF

DMF ga fråsegn i saka 6. november 2020 og oppmoda kommunen om å sikre at det i planarbeidet leggjast til grunn ei oversikt over mineralressursane i kommunen slik at ikkje nye vatn- og avlaupsleidningar leggjast over ressursar utan å ta stilling til om ressursane skal utvinnast eller sikrast for framtida.

I kommunedelplan under punkt 1.2 «Medverknad og innspel» er innspela gjengjevne og kommentert. Her står det at «Modalen har fleire registrerte mineralførekomstar. Framtidig anlegg skal ikkje kome i konflikt med førekomstane og må takast hensyn til i prosjektering av nytt anlegg.»

Det er uklart om dette er ei gjentakning av vår uttale eller ein kommentar frå kommunen. DMF forventa at ressursane blir teke omsyn til i prosjektering for



vassforsyning, avlaup og vassmiljø slik at tilgangen til ressursane i kommunen ikkje blir forhindra.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Gabriella Fure Briceno
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Gabriella Fure Briceno

Mottakarar:

Modalen kommune

Postboks 44

5729 MODALEN

Kopi til:

Modalen kommune
Ved Norconsult ved Ingrid Vatne

Uttale til Modalen kommune sin kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø.

Me viser til vår uttale av 8.12.2020 til planprogrammet for denne planen og ser at våre innspel er teke omsyn til.

Det er svært viktig at Modalen no har fått ein oppdatert kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø.

Me synest at planen er god og dei viktige plantema er godt beskreve med tiltak.

Planen har også på ein god måte skildra Modalen kommune sin status og utfordringar på VA-anlegga og vassforskrifta sine krav til vassmiljøet. Godt vassmiljø vert oppretthalde med gode førebyggjande tiltak der regelverk for avløp og landbruk vert fylgt opp. Det vert vist til nasjonale føringar for dette frå mars-2019.

Til punkt 1.3. Informasjon og kart over drikkevasskjelder og offentlege badeplassar skal frå 2021 liggja inne i databasen vann-nett. Mo grunnvassverk er lagt inn, men ikkje Hugnastad vassverk, Oddane (Nedre Helland) vassverk, Øvre Helland vassverk. Mo badeplass er heller ikkje lagt inn i vann-nett. Dersom de teiknar dette inn på eit manuskart skal me få lagt det inn i vann-nett. I ny vassforvaltingsplan 2022-2027 prøver ein å ha større fokus på å hindra forureining i nedslagsfeltet til drikkevatt og badeplassar.

Som det står i planen dykkar, er det svært viktig at «*vasskjelda til alle vassverka er grunnvassbrønnar i lausmassar. Hydrogeologiske vurderingar for tilsigsområdet til alle brønnane viser at alle brønnane har god beskyttelse mot forureining, men at det bør fastsettast sikringssoner for tilsigsområda*».

Som det står vidare i planen er hovudfokus for avlaupshandteringa å oppgradera og sanera eksisterande anlegg for tilstrekkeleg reinseffekt og å oppretthalde gode resipienttilhøve. Resipientar som mottar avlaupsvatt skal difor granskast med jamne mellomrom.

Til punkt 1.5.1. Det står at : «*Modalen kommune er ein del av Vestland vassregion og Voss - Osterfjorden vassområde*». Det kan supplerast her i teksten at **Modalen frå 2021-2027 også er med på å finansiera drifta av vassområdet gjennom eit økonomisk spleiselag med dei andre kommunane i vassområdet.**

Under kapittel om: Vassdirektivet og vassforskrifta på side 17 i utkast til plan, har me lagt ved eit par nye kart som kan brukast for å forklara avgrensing av vassområda.

Det står at; «*Modalen kommune deltar i arbeidet ved å gi oppdatert status og naudsynt tiltak for vassførekomstane i kommunen.*» Forslag til ny utfyllande tekst:

I prosjektplanen for Voss-Osterfjorden vassområde for perioden 2022-2027 står der:

2.1. Kommunane sitt ansvar:

Pliktene til kommunen er konkret beskreve på [Miljødirektoratet si heimeside](#). Kommunen er mynde på fleire område som påverkar vassmiljøet og vasskvaliteten, herunder avløp, landbruk, vassforsyning, miljø, forureining og arealplanlegging.

Oppgåver:

- Kommunen skal samarbeide med andre kommunar om å løyse oppgåvene i vassforskrifta i vassområdet.
 - Kommunen skal delta i planlegginga i vassregionen og vassområdet når planlegginga gjeld kommunen sitt verkeområde.
 - Kommunen skal bidra til at innbyggjarar og næringsliv, lokale organisasjonar og sektormynde kan delta i prosessen.
 - Kommunen skal bidra med å identifisere dei menneskeskapte påverknadane på vassførekomstane i kommunen, peike ut dei mest sårbare vassførekomstane, og kva for prioriteringar som skal gjennomførast i planperioden.
 - Kommunen skal komme med forslag til tiltak der dei har mynde til å betre miljøtilstanden i vassførekomstane.
-
- Kommunen skal føreslå miljømål for vassførekomstane i kommunen.
 - Kommunen skal følge opp tiltak som inngår i tiltaksprogrammet og treffe vedtak etter relevant lovgiving der kommunen er mynde. Tiltaka skal setjast i gong innan tre år etter at tiltaksprogrammet er godkjent.
 - I sakshandsaming til kommunen skal ein vurdere kost/nytte ved det einkilde tiltaket før det vert konkludert om tiltaket skal gjennomførast.
 - Når regional vassforvaltningsplan er godkjend av regjeringa skal den leggjast til grunn for all verksemd og planlegging i vassregionen og kommunen.

Vurdere ny aktivitet og nye inngrep

I saker der kommunen er styresmakt skal kommunen vurdere om ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst fører til at miljømål ikkje vert nådd eller at tilstanden vert forringa, og eventuelt om vilkåra etter vf § 12 er oppfylt. Bruk av vf § 12 skal rapporterast til vassregionstyresmakten (Vestland fylkeskommune).

Medlemskap i Vann-vest er veldig nyttig for ein liten kommune som Modalen for å kunna få fagleg hjelp til å løysa problemstillingar innan VA-sektoren.

For å møte eit klima i endring med meir nedbør og auke i havnivå krevst det oppfyljing av nasjonale føringar med lokale tiltak.

Kap 5 i dykkar plan beskriv kva forureining vassførekomstane vert påverka av og kva fakta som ligg inne i databasen vann-nett.

Det står i planen at:

Kommunale reinseanlegg skal reinse avlaupsvatnet slik at krava i forureiningsforskrifta, utsleppsløyve og vassforskrifta vert tilfredsstilte.

Dei fleste av avlaupsreanseanlegga i Modalen går til Modalsvassdraget og det er då viktig at alle anlegga vert oppdragert med høggradig rensing slik som kravet er til avlaup mot vassdrag, slik som planen nemner.

Det står vidare: *Undersøking av resipientane med omsyn til utslepp av avlaupsvatn har ikkje vore utført i Modalen kommune sidan midten av 90-tallet. Modalen kommune har fleire og store vassdrag samt fjordresipient, og det er viktig å få oversikt over korleis ein påverkar desse.*

Moelva har grunna vasskraftproduksjon varierende og tidvis låg vassføring, noko som kan tala for skjerpa reinsekrav. Mofjorden er ein djup terskelfjord der terskelen er svært grunn, lang og smal, noko som kan tala for skjerpa reinsekrav.

Det er viktig å ha ein god dialog med vassområdekoordinator og vann-vest for å avklara eventuelle felles anbud og prosjekt i vassområdet som Modalen kan ta del i.

I dokumentet hovudutfordringar i Voss -Osterfjorden vassområde av oktober 2019, er Modalen kommune omtalt på denne måten:

Modalen er ein liten kommune med berre 380 innbyggjarar. Kommunesenteret Mo ligg nede ved Mofjorden der også dei fleste folka bur. Det er spreidd busetnad i små grender og gardstun oppover langs dalen og vassdraget. Modalsvassdraget er regulert, men vatnet er tilbakeført i samme vassdraget der det går gjennom fleire kraftverk frå fjell til fjord. Den største påverknaden av vassmiljøet er vasskraft med store overføringar og takrenneprosjekt i Modalsfjella. Fjella består av sure bergartar som gir låg pH og middels forsuring i fjellvatn. Det er lite påverknad og utfordringar frå den vesle busetnaden i dalen på grunn av stor vassføring i vassdraget.

Kalkdoserar Modalen.

10. mai 2016 vart kalkdoserar i Modalen offisielt opna. Doseraren har kostar 5 mill kroner og er finansiert av statsmidlar frå Miljødirektoratet. Det skal kalkast frå desember til juni kvart år for å betra kvaliteten på vatnet i Modalselva slik at laks og sjøaure klarer å reprodusera seg.

I tabellen under er det lista opp kva tiltak som ligg inne i vann-nett for Modalen kommune i perioden 2022-2027. Dette er tiltak frå alle sektormynd; kommunen, NVE, miljødirektoratet og statsforvaltaren .

TILTAKS ID	TILTAKSNAVN	TILTAKSTYPE	PÅVIRKNING	UNNTAK	TILTAKSSTATUS
5105-572-M	Moelvi kalking	Kalking/silikatbehandling	Diffus - sur nedbør	Ingen	Startet
5109-1285-M	Utbedring av separate avløp, Modalselvi, 2.planperiode	Utbedring av separate avløpsanlegg i følsomt og normalt område	Diffus avrenning fra spredt bebyggelse	Ingen	Foreslått
5109-1450-M	Plastkartlegging i Vestland - 2022-27	Tiltak mot plastforsøpling	Forsøpling eller ulovlige søppeltipper	Ingen	Planlagt
5109-637-M	Miljøbasert vannføring på strekningen Holmura - Hellandsfossen	Minstevannføring/ miljøbasert vannføring	Hydrologiske endringer med minstevannsføring - vannkraft	Ingen	Planlagt
5109-639-M	Tiltak for å bedre fiskevandring forbi Hellandsfossen opp- og nedvandring	Biotoptiltak fiskevandring, supplerende	Hydrologiske endringer med minstevannsføring - vannkraft	Ingen	Planlagt
5109-638-M	Tiltak for å gjenskepe naturlig (opprinnelig) temperaturregime i Modalselvi	Temperaturregulering	Hydrologiske endringer med minstevannsføring - vannkraft	Ingen	Planlagt
5109-940-M	Modalselvi - auka kunnskap	Informasjon og kompetansebygging	Påvirket av lakselus	Ingen	Foreslått

Det står i planen at om lag 85% av innbyggjarane i Modalen er tilknytt kommunalt avlaupsanlegg. Det er difor viktig å snarleg få kartlagt og godkjent alle spreidde avløp i kommunen slik at desse tilfredstillar rensekrava etter paragraf 12 og 13 i forureiningsforskrifta. Eventuell mogeleg tilkobling av spreidde avløp til kommunalt leidningsnett eller etablering av felles renseanlegg er viktig å få utgreidd i dette arbeidet. **Dette bør inn som nytt tiltak i starten av planperioden i handlingsplanen side 54.**

Gjennom den pågåande revisjonen av konsesjonen i Modalsvassdraget vil ein truleg få betra tilhøva for anadrom fisk i vassdraget.

Med helsing

Sveinung Klyve
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift

